

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 22.01.2014
Sakhandsamar: **Torunn Nilsen**
Saka gjeld: **Protokoll frå føretaksmøte 19. desember 2013 og
protokoll frå 2 føretaksmøte i Helse Vest RHF 7. januar 2014**

Arkivsak
2013/65
Styresak 012/14

Styremøte 05.02. 2014

Forslag til vedtak

1. Styret tek protokollen frå føretaksmøte 19. desember 2013, til etterretning.
2. Styret tek protokollen frå føretaksmøtet 7. januar 2014 kl. 09.15, til etterretning.
3. Styret tek protokollen frå føretaksmøtet 7. januar 2014 kl. 14.00, til etterretning.
4. Styret i Helse Vest RHF tek til etterretning at geografisk plassering av Nasjonal IKT HF er endra frå Oslo til Bergen, av statsråden i foretaksmøte den 7. januar 2014.
Administrerande direktør får fullmakt til å følgje opp dette i foretaksmøte for Nasjonal IKT HF.

Oppsummering

Torsdag 19. desember 2013 kl. 11.30, blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet blei gjennomført som telefonmøte.

Tysdag 7. januar presenterte helse- og omsorgsminister Bent Høie sine styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane. Styringskrav og forventningar blei presentert i føretaksmøte, oppdragsdokument og Statsråden sin «sjukehustale».

Tysdag 7. januar kl. 09.15, blei det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale i Teatergata 9, Oslo.

Tysdag 7. januar kl. 14.00, blei det halde føretaksmøte i dei regionale helseføretaka i Plenumssalen R4, Møllergata 17, Oslo.

Helse Vest har ikkje motteke signert protokoll frå møtet 7. januar kl. 14.00, men vel likevel å legge fram usignert versjon for styret. Signert versjon vil bli sendt ut til styret så snart den ligg føre.

Fakta

I føretaksmøtet formidlar eigar styringsbodskapen for 2013 og presenterer dei styringskrav som gjeld for inneverande år.

Kommentarar

I møte **19. desember**, blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Endringar i driftskredittramma

I møte **7. januar kl. 09.15**, blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Val av styremedlemmer
- Sak 4 Fastsetting av styregodtgjering

I møte **7. januar kl. 14.00**, blei følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Eigar sine overordna styringsbodskap for 2014
- Sak 4 Krav og rammer for 2014
- Sak 5 Andre styringskrav for 2014
- Sak 6 Endringar i vedtektene
- Sak 7 Rapportering og oppfølging

Vedlegg:

1. Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 19. desember 2013.
2. Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF 7. januar 2014, kl. 09.15
3. Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF 7. januar 2014, kl. 14.00
4. Vedtekter for Helse Vest RHF